

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og fjordane

Tilleggsspørsmålnr. nr. 7 (Skav.)

Herad: Kyrkjebø

Emne:

Bygdela: Berge og Kyrkjebøstronda.

Oppskr. av: Anders H. Berge 86 (år)

Gard:

(adresse): Nordeide.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dette spørsmål kjenner me ikkje til her. Me har aldri hørt det før.
2. Det var ein sort skav som skulle vera giftig for beista. Det var borken av ein sort mørk (Raun). Denne raunen måtte me aldri gjeva besta fordei vart som regel sjuke skav av men om dei daua kjennner eg ikkje til. Nei, det var ~~ikk~~ ~~xxx~~ ein sort skav me har merkt oss her. Skav av osp var den beste me brukte her. Skav av denne sort tre var svartprikket med nokre blærer i og me gjekk utifrå at det var disse blærer som det måtte vera gift i.
3. Nei, det var skavet frå det giftige tre som var orsaka.
4. Det var ikkje so nøye med. Dei prøvde seg fram med kor mykje dei skulde få av skav. Det var mange bønder som brukte ris av bjørk som dei gav beista. ,då fekk dei ikkje så mykje skav som ellers. Eg gjeng utifrå det vera so umlag 1. og halvt til 2kg. besta fekk av skav men fekk dei ris Bjørkeries var det aldri meir enn 1 kg. Nei her i vår grend hadde me ikkje so mykje å taka av skog ,st me kunde bruka så mykje av skav og ris. Nei, så mykje som dei brukte i Vestagder brukte me aldri her.
5. Her brukte me ein bandekniv slik som teikninga viser

5. Kniven var ein halv meter lang med ~~dei~~ breid ~~ei~~ ein tomme . Ellers var det ikkje så nøye med lengde og breide. *Bandekniv* var ein vanlig kniv som snikkarane brukte og såg soleis ut. Skavlen kunde brukast til å arbeide med å grva ut hornskeie og treause - ellers alt utgravingsarbeid i tre. *hgg skav h. K. Solbak*

6. nei, det var ikkje brukr på den måten som de nemner. For bandestaker hadde dei ein serskilt krakk som dei feste staken i benken . Det var stort arbeid kring i bygderne med smiing av bandestaker til sal til kiperne. Bandebenken såg soleis ut. *Bandebenke*

7. Ja, det var tilfelle kor dei som hadde rikelig med skavematerialer at fekk kjøpa osp og raun. ^{dei} Trea fekk gnu-eigaren beholde og skavet betalte dei enten i arbeid eller for ei lita betaling. *hgg*

8. Dei som hadde hopeteiger hogde skavematerialer saman og bytte det sidan so dei fekk kvar sin del - då behelt både vedan og skavet.

9. Nei, ikkje utan at alle eigarerne var samde.

10. Han hadde ingen rett men spurde han om å få skave fekk han som regel lov.

11. Nei dette namnet kjenner me ikkje til .

12. Nei, det kjenner me ikkje til tuftekal namnet .